



**Verneområdestyret for
Brattefjell-Vindeggen
landskapsvernområde**

Besøksadresse
Skinnarbu
3661 Rjukan

Postadresse
Postboks 2076
3103 Tønsberg

Kontakt
Sentralbord +47 33 37 10 00
Direkte +47 953 00 640
sfvtpost@statsforvalteren.no

Verneområdestyret for Brattefjell-
Vindeggen landskapsvernområde

Sakshandsamar Kristian Kvaalen Herregården

Vår ref. 2025/3310 - 432.2

Dato 05.06.2025

Protokoll 02.06.25

Sakene: 6/25 - 9/25
Møtestad: Skinnarbu
Dato: 02.06.25

Følgjande medlemmer deltok:

Audun Dølen
Edvard Mæland
Kathrine Kvåle Haatvedt
Ragnhild Sølberg
Baiba Sheine

Følgjande varamedlemmer deltok:

Gjermund Ingolfsland

Følgjande medlemmer/varamedlemmer hadde meldt fråfall:

Følgjande frå administrasjonen deltok:

Kristian Kvaalen Herregården

Audun Dølen
Leiar

Godkjenning av møteprotokollen:



Sak 6/25 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Innkalling og dagsorden blei samrøystes godkjend.

Sak 7/25 Referatsaker

Verneområdeforvaltar orienterte styret om delegerte saker sidan sist styremøte.

Sak 8/25 Eventuelt

Andreas Zedrosser og Pradeep Joshi frå Universitetet i Sørøst-Norge innleia møtet med å halde ein interessant presentasjon om eit komande prosjekt, der dei ynskjer å overvake biodiversitet og særleg villrein ved bruk av viltkameraer i villrein- og landskapsvernområdet. Det skal plasserast ut 2 stk. viltkamera på 60 lokasjonar. Dette skal i første omgang gå over 2 år, med mogleg forlenga periode. Slik overvaking vil gje forvaltinga estimat av artars tettheit og fordeling i landskapet, reproduksjon, konkurranse med andre artar som elg, hjort, sau og liknande.

Grunnideen til prosjektet er å utvikle eit enkelt og billig system for overvaking av reproduksjon og populasjonstrender av villreinbestanden samt andre artar av interesse.

Verneområdestyret er positive til prosjektet, og forvaltar skal framover halde kontakt med prosjektleiinga om eventuelle tillatingar og forankring i verneområdestyret.

Verneområdeforvaltar orienterte om komande saker. Det vert lagt opp til synfaring i tida framover.

Verneområdeforvaltar gjekk gjennom utkast til informasjonsbrev til Breihovdmarka hyttefelt i Hjartdal, i samband med oppfølging av tilsynsrapport frå SNO hausten 2024. Utkastet vart godkjend av styret.

Det vart ein rask gjennomgang av økonomi og tildelte midlar frå Miljødirektoratet for 2025. Verneområdestyret har fått kr. 190.000,- i driftsmidlar og ein pott på kr. 350.000,- til tiltak i verneområdet (tiltaksmidlar, kap. 1420 post 31). Tiltaksmidlane vil nyttast til arbeid med informasjonstavler og tiltak knytt til skjøtsels- og kulturlandskapstiltak i verneområdet. Forvaltar synte bilete og orienterte om eit mogleg kommande attgroingsprosjekt i Svartdalsheiane. Det skal annonserast på verneområdets heimeside og kommunane sine nettsider om tilskot til skjøtsels- og kulturlandskapstiltak i verneområdet. Det skal utplasserast 2 – 3 informasjonstavler på denne sida av sommarferien, og truleg 2 – 3 tavler i løpet av hausten.

Verneområdestyret skal på studietur og kompetanseheving til Svalbard i tidsromet 12. – 15. august 2025. Framover vil det bli jobba med å lage eit godt fagleg og relevant opplegg.

Sak 9/25 Neste møte

Neste styremøte blir truleg i tidsromet 12. – 14. august.



**Verneområdestyret for
Brattefjell-Vindeggen
landskapsvernområde**

Med helsing

Kristian Kvaalen Herregården
seniorrådgiver